

## **Uttale**

frå Kontrollkomitéen i DNT - EDU LIVSSTIL  
for perioden 2019 - 2021

### **Innleiing**

Kontrollkomitéen har gjennomgått protokollane frå landsstyremøta og AU-møta for dei to åra mellom landsmøta i 2019 og 2021, årsmeldingane for 2019 og 2020 og rekneskapa for 2019 og 2020. Vi har sett etter og vurdert korleis landsstyret har følgd opp landsmøtevedtak, og kva samsvar det er med arbeidsprogram og vedtekter. Årsmeldingane er fylldige og fint presenterte i bolkar som samsvarar godt med arbeidsplanane. Protokollane gjev god informasjon om gangen i arbeidet gjennom perioden. Det same gjeld lagsutsendingane, nyheitsbrevane og medlemsbladet, som er gode og informative i innhald og form.

### **Generelt**

Kontrollkomitéen finn at landsstyret har organisert arbeidet godt og lagt opp til stor aktivitet. Landsstyret fortener ros for satsing, organisering og evne til målretta aktivitet. Covid-19-pandemien har i ulik grad hemma arbeidet på nokre område, særleg på verving. Men samstundes har det ført med seg auka satsing på digitale plattformer. Vi vil særleg framheve bruken av webinar – ein aktivitet som vi trur det er føremålstenleg å satse vidare på framover og.

### **Medlemsutvikling og verving**

Kontrollutvalet registrerer at det har vore ein liten, netto auke i medlemstalet. Vervearbeidet har vore mykje hindra av Covid-19.

### **Prosjekt**

Prosjektarbeidet har også i denne perioden vakse seg vidare blant nye grupper, og har slik spreidd kunnskap, haldningar og inspirasjon til nye menneske. Vi finn det verdt å nemne alle dei gode prosjekta organisasjonen no har, som enten er godt i gang eller er i ferd med å bli etablerte som faste tiltak i verksemda til organisasjonen:

- Idrett utan alkohol
- Eldre, alkohol og ensomhet
- Meningsmeny
- Studentprosjektet Sammen uten
- Podcast

Gjennom desse prosjekta er det iverksett mange konkrete og praktiske tiltak. Det må elles nemnast at det er framleis ei utfordring å kople saman det gode prosjektarbeidet med lokal lagsverksemd.

### **Mediearbeid**

Kontrollkomitéen ser at kontakten utover gjennom ulike medium har halde seg oppe på eit jamt godt nivå. I framtida vert satsing gjennom ulike medietiltak stadig viktigare. Det er svært bra at organisasjonen bruker nye alternativ som byr seg fram.

### **Eigedom**

Arbeidet med å få ordna opp med eigedomar har halde fram, anten det er oppgradering, leigeavtalar eller sal. Vi merkar oss at organisasjonen har kome til ei god løysing i Ålesund der DNT – Edu livsstil sentralt no eig 35 prosent av aksjane i Avholdshjemmet.

## Økonomi

Det har vore god økonomistyring. Dei store underskota dei seinare åra er i 2020 snudd til overskot. Gode søknader til det offentlege må framhevast, noko som utløyser viktige midlar til prosjekta, kjernearbeidet i organisasjonen. Gåver frå lag/distrikt og einskildpersonar utgjer òg viktige tilskot til økonomien.

## Oppsummering

Kontrollkomitéen meiner at DNT – Edru Livsstil er ein veldriven organisasjon. Dei tilsette er dugande og initiativrike. Aktiviteten i prosjekta er stor og når breitt ut. Organisasjonen har ei viktig oppgåve i samfunnet, og driv eit målretta arbeid mot dei overordna måla. Kontrollkomitéen konkluderer med at landsstyret og administrasjonen har følgd opp landsmøtevedtaka, og at arbeidet har vore i samsvar med vedtekter og arbeidsprogram.

Skarnes, 22.6.2021



Harald Dyrkorn



Terje Vindenes



Kari Kobberød Brustad